

Vurderingsrettleiing

2012

SPR3008 Internasjonal engelsk
Til sentralt gitt skriftleg eksamen

SPR3008 Internasjonal engelsk

Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2012

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

1. Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen i SPR3008 *Internasjonal engelsk* består av ein 5-timars prøve utan førebuingstid. Oppgåvesetta vil normalt bestå av to hovudoppgåver, men talet på oppgåver kan variere mellom dei ulike eksamenssetta.

Læreplanen for programfaget *Internasjonal engelsk* spesifiserer tre hovudområde:

- 1 Språk og språklæring
- 2 Kommunikasjon
- 3 Kultur, samfunn og litteratur

Det er kompetansen til eleven som blir vurdert opp mot kompetansemåla innanfor dei tre hovudområda i læreplanen som skal prøvast til eksamen.

Programfaget *Internasjonal engelsk* skal ha ein tydeleg progresjon frå fellesfaget engelsk Vg1 Studieførebuande utdanningsprogram / Vg2 Yrkesfaglege utdanningsprogram, og eksamenssvara skal spegle att denne progresjonen. Mellom anna ventar ein større grad av analyse og større presisjon i språkbruken til eleven i *Internasjonal engelsk* enn i fellesfaget engelsk på Vg1 SF / Vg2 YF. Eleven skal kunne bruke eit rikt og nyansert ordforråd, av både generell og fagspesifikk art. Merksemda er tydelegare retta mot språk og språklæring, interkulturell kommunikasjon og internasjonale spørsmål i læreplanen for *Internasjonal engelsk*. Dette vil også komme til uttrykk i oppgåvesetta.

2. Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. Omsetjingsprogram er heller ikkje tillatne.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

3. Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan tilvising til kjelder, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

Innanfor hovudområdet for kommunikasjon i læreplanen er eitt av kompetansemåla at eleven skal kunne gjere greie for og vurdere sin eigen bruk av kjelder. Dersom eleven siterer frå andre tekstar, må dette komme tydeleg fram i svaret. Ein må vente at eleven fører opp alle kjelder på ein etterretteleg måte. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Elevtekstar som inneheld delvis avskrift eller lett omskrivne kjeldetekstar, vil i sensureringa bli vurderte som ulik grad av reproduksjon eller reint plagiat. Det må strekast under at i vurderinga av svara frå elevane skal ein sjå detaljane i lys av heilskapen. Den endelege karakteren skal setjast på grunnlag av ei samla vurdering av heile svaret.

4. Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller ei kompleks oppgåve.¹ Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere den kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.²

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i alle læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor kunne prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen. Grunnleggjande ferdigheiter utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag.

5. Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterforklaringar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.

¹ St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

² Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3.

- d) *Karakteren 3 uttrykker at eleven har nokså god kompetanse i faget.*
- e) *Karakteren 2 uttrykker at eleven har låg kompetanse i faget.*
- f) *Karakteren 1 uttrykker at eleven har svært låg kompetanse i faget.*

Kjenneteikna på måloppnåing forklarar nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for SPR3008 *Internasjonal engelsk* til skriftleg eksamen.

6. Kjenneteikn på måloppnåing

Sjå vurderingsmatrisa på neste side.

Vurderingsrettleiing SPR3008 Internasjonal engelsk 2012

Nivå	1	2	3-4	5-6
Innhald	Lågare kompetanse enn nivå 2	<p>Eleven gir enkle og overflatiske svar på oppgåvene.</p> <p>Delar av svaret er noko på sida av oppgåva.</p> <p>Eventuelle kjelder blir brukte på ein usjølvtendig måte, og kjeldetilvisingar manglar.</p> <p>Eleven viser noko fagleg innsikt eller oversikt.</p> <p>Eleven har liten eller ingen kjennskap til språklege verkemiddel.</p>	<p>Eleven gir stort sett greie og relevante svar på oppgåvene i samsvar med ordlyden i oppgåva.</p> <p>Svaret viser ein viss grad av sjølvstende.</p> <p>Eventuelle kjelder blir brukte på ein etterretteleg måte med tilvising.</p> <p>Eleven viser rimeleg god fagleg innsikt og oversikt.</p> <p>Eleven viser noko kjennskap til språklege verkemiddel.</p>	<p>Eleven gir presise, fylldige og relevante svar på oppgåvene i samsvar med ordlyden i oppgåva.</p> <p>Svaret viser ein høg grad av sjølvstende.</p> <p>Eventuelle kjelder blir brukte på ein etterretteleg måte med formålstenleg kjeldetilvising.</p> <p>Eleven viser svært god fagleg innsikt og oversikt.</p> <p>Eleven analyserer språklege verkemiddel når det er relevant.</p>
Skriftleg kommunikasjon	Lågare kompetanse enn nivå 2	<p>Elevteksten har svak og tilfeldig struktur og manglar logisk avsnittsinndeling.</p> <p>Teksten er prega av gjentakning og oppramsing.</p> <p>Eleven skriv enkle setningar.</p> <p>Eleven viser avgrensa forståing av informasjon basert på talmateriale og statistikk.</p> <p>Eleven viser lita eller inga sjangerbevisstheit.</p>	<p>Eleven skriv tekstar med forholdsvis god indre samanheng og noko avsnittsinndeling.</p> <p>Lengre tekstar vil normalt ha innleiing og avslutning.</p> <p>Eleven viser ei brukbar forståing av informasjon i talmateriale og statistikk og kan formidle dette på ein måte som det er greitt å forstå.</p> <p>Eleven viser ein viss grad av sjangerbevisstheit.</p>	<p>Eleven skriv tekstar med god indre samanheng.</p> <p>Eleven skriv tekstar med logisk avsnittsinndeling og god oppbygging av avsnitta med temasetning og utfyllande setningar.</p> <p>Lengre tekstar har formålstenleg innleiing og avslutning.</p> <p>Eleven forstår godt informasjon i talmateriale og statistikk og formidlar dette på ein moden og logisk måte.</p> <p>Eleven viser god sjangerbevisstheit.</p>
Språk	Lågare kompetanse enn nivå 2	<p>Eleven har eit avgrensa ordforråd.</p> <p>Eleven viser lite variasjon i setningsbygning.</p> <p>Språket til eleven er prega av formelle svakheiter, men er i stor grad forståeleg.</p> <p>Eleven gjer i liten grad bruk av tekstbinding.</p>	<p>Eleven meistar eit tilstrekkeleg ordforråd.</p> <p>Eleven viser ein viss variasjon i setningsbygning.</p> <p>Eleven kommuniserer stort sett godt, sjølv om det kan vere ein del språkfeil.</p> <p>Eleven meistar bruken av dei mest vanlege formene for tekstbinding.</p>	<p>Ordforrådet til eleven er variert og nyansert</p> <p>Språket til eleven har svært god flyt og variert syntaks.</p> <p>Språket til eleven har ingen kommunikasjonsforstyrrande språkfeil.</p> <p>Eleven bruker ei variert og formålstenleg tekstbinding.</p>

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no